



Før start i NutenOpp i fjor. Jon Tvedt er nummer 33. (Foto: Kvinnheringen)

I NutenOpp i Rosendali fjor var ni uskedelinger med og ein av dei vart klassevinnar. Det var Torstein Monsen, som sigra i klassa for dei under 23.

Men ved ordinær påmeldingsfrist i dag har det ikkje meldt seg på ein einaste uskedeling til årets NutenOpp!

Det er høve for etteranmelding heilt fram til laurdag, men det blir dyrare.



Løpet NutenOpp i år er eit minneløp for Jon Tvedt. Her er han på veg til topps i fjor.

-Men eg er sikker på at uskedelingsane kjem også dette året, seier primus motor Jostein Hatteberg til uskedalen.no

Tilsaman stilte 69 opp i konkurranseklassa og 51 i mosjonsklassa i NutenOpp 2008.

NutenOpp i år, som går søndag, er eit minneløp for Jon Tvedt, som var ein trufast deltakar i alle år og i fjor vart andremann. 20 kroner frå kvar startkontingent går til Jon Tvedt sitt minnefond. Mor til Jon, Ingebjørg, har takka ja til å dela ut premiar og broren Øyvind stiller til start.



Uskedelingen Ole Vidar Monsen ved starten for den lokale variant Solfjelløpet, som han tok initiativet til og som vart avvikla i juni. Får vi se han i aksjon i NutenOpp? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ellers er deltakinga imponerandre. På startstreken står seks gonger verdsmeister i motbakkeløp og fjorårsvinnar av NutenOpp Jonathan Craig Wyatt frå New Zealand. Men denne gongen får han truleg skarp konkurranse av de to kenyanske toppløparane John Sompol og Sammy Kurui. Sopol har vunne både Storehesten Opp og Vetenløpet.

Blant dei lokale innmelde er Terje Aggvin frå Varaldsøy som nyleg var med i EM i motbakkeløp. I kvinneklassa deltek rekordhaldar Antonella Confortola frå Italia, men ho får sterk lokal konkurranse av mellom andre Marit Årtun frå Matre.

Av Ola Matti Mathisen